

Rapport kunstnarleg utviklingsarbeid

«Markakunst»



Irene Fanebust Eknes
NLA Høgskolen LU, 2021

Innhaldsliste

1.0 Innleiing.....	4
2.0 Markakunst	4
3.0 Eigne installasjonar	6
3.1. «Fløytespel» og «Formasjon».....	6
3.2. «Mosaikk»	7
Idé	7
Utforsking.....	7
Montasje	9
Ferdig resultat.....	10
Vurdering av sluttprodukt i høve til problemområde.....	12
Forvitring.....	13
Med barnehagebarn i markakunst-løypa, juni 2006	15
3.3. «Savn».....	16
Tankar om "Markakunst 2007" i 2007	16
Tankar om «Markakunst 2007» i 2021	16
Idéutvikling.....	17
4.0 Oppsummering	23
5.0. Kjelder	23
6.0. Vedlegg	24
Utstillingsplakatar og foldarar i perioden 2005-2007	24
Presse.....	28

1.0 Innleiing

Rapporten presenterer tre ulike installasjonar i «Markakunst»-løypa i Kossdalen på Osterøy i 2005-2007. Av desse er særleg «Mosaikk» frå 2006 utvikla som eit KU-arbeid, med problemsområde, systematisk utforsking, dokumentasjon og refleksjon. Også i barns møte med naturkunst. Refleksjonar i dette dokumentet byggjer delvis på notatar og dokumentasjon frå perioden, og delvis tankar no i ettertid, ut frå minne og fagleg ståstad i dag. Innleiingsvis seier eg noko om Markakunst – konseptet og staden Kossdalen. I vedlegga finst plakatar og presseoppslag frå 2005-2007.

2.0 Markakunst

Markakunst var eit Land-art prosjekt i Kossdalen på Osterøy, arrangert av Galleri Mjøsvågen i perioden 2005-2013. Invitere kunstnarar jobba med ulike problemstillingar ofte knytt til lokalhistoriske hendingar eller kulturminne. Felles tema var «Kunst i og med naturen» og nedbrytbare materiale, gjerne med utgangspunkt i naturen rundt kunstverket. Prosjektet vart gjennomført ved at kunstnarane fann stader i dalen der dei vil skape noko. Staden er nytta som rekreasjonsområde og utstillingane har vore godt besøkte i perioden, også med publikum frå kringliggande kommunar. (<http://www.koman.no/gallerimjosvagen/markakunst/>) I åra eg var deltakande var det laga informasjonsmateriell distribuert gjennom lokale og regionale lag og organisasjonar. (sjå vedlegg 1-4)



Fig 1 (v) Else Karin Bysheim ;»Brakaportalen», 2005. fig. 2

fig. 3. Reidun H Eikås «Samanheng», 2005. Henta frå Østranett.no, 2007




Fig 4 (v) Else Karin Bysheim ;»Brakaportalen», 2005. (Henta frå Østranett.no, i 2007) **Fig. 5** Koman.....(2011?????)**Fig 6**.Detalj «Naturen under» E.K.T. Bysheim, M. Nordaas, S. Rutgerson, H. Langerud, J. Borchardt og S. Saabatmand. (2012)

Kossdalen

Staden har ei særskild historie knytt til vegen som går gjennom dalen, som i eldre tid var hovudsambandet mellom Hosanger og bygdene lenger inne i fjorden. Vegen med 17 hårnålssvingar og ei stigning på 27%, var bygd på pliktarbeid i åra 1889-1893. Etter restaurering i 1978 har den status som kulturminne. (Brekke og Nonås, 2015) Som gammal kyrkjeveg er det særlig eit segn mange kjenner lett seg fasinere av. Historia om brudefylgle som gjekk gjennom isen og brurekrona som framleis blenker i vatnet på klåre dagar.




Fig. 7. Kossdalen på Østerøy, (matiasmedh, 2015, 15. april),
<https://www.instagram.com/p/INK3stwDFH/>

Fig. 8 Øpning av Markakunst 2007, Kossdalen, 28. mai 2007

3.0 Eigne installasjonar

3.1. «Fløytespel» og «Formasjon»

Fyrste året laga eg to instalasjonar. "Føytespel" og "Formasjon" ", begge med utgangspunkt i staden.

Fløytespel:



Fig. 9 Fløytespel mai 2005. Fig 10. Fløytespel mai 2007. Solberg, R. ([Østranett.no](#), henta august 2007)


Installasjonen «Fløytespel» har utgangspunkt i staden som gamal kyrkjeveg, og viser til estetikken i orgelpiper. Materialet er Osp då stamma på trea ofte har ei sølvaktig overflate. I tillegg er ho rett med lite kvist. Store seljefløyter var og ein del av utforskinga. Denne er og teken med i sluttproduktet, noko tittelen viser. Foto frå 2007 i fig. 10, viser korleis uttrykket endra seg etter 2 år.

Formasjon:



Installasjonen er utført i fletta bjørkegreiner. Forma har utgangspunkt i skisser av ei dominante fjellform bak i biletet.

(v)Fig. 11. «Formasjon», 2005
Foto Solberg, R. ([Østranett.no](#), henta august 2007)
(h) Fig 12. «Formasjon», Utsnitt frå utstillingsplakat (vedlegg 2)



3.2. «Mosaikk»

Våren 2006, var prosjektet del av FOU arbeid ved NLA lærerhøskulen. Det frigjorde tid og ressursar til ein meir kreativ og utforskande prosess.

Idé



Fig. 12. Stad for installasjon i Kossdalen, februar 2007

Grunntanken var ynskje om å lage eit lett og glasaktig uttrykk i kontrast til den tunge og mørke naturen i Kossdalen. Rammene tilet imidlertid berre nedbrytbare materiale, noko som gav ideen om gelatin. Ut frå tidlegare erfaring, visste eg at stoffet let seg tøye og stivne, alt etter fuktighet og varme. Eg såg for meg eit teppe av gelatinblad hengjande mellom tre over ei elv. Staden var allereie sett ut på ei felles synfaring i februar. Utfordringa var å finne gode samanføyningar i nedbrytbare materiale. Eg samla på bjørketeger og røter frå andre vekster og prøvde meg fram.

Utforsking

Sjølve forma er inspirert av ein ikeaplakat eg hadde hengande på kontoret av planten «Judasenger». Gjennom arbeidet med "Formasjon" i 2005, oppdaga eg føyelege eigenskapar i bjørkeskot plukka i mars/april. Desse vart utgangspunkt for utforming av «gelatinblada». Etter kvart ville eg også undersøke komplementære raudtonar som kontrast til den klare grønfargen i terrenget. På radio hørde eg kjerringråd mot flekkar på klede, der ei av dei mest utfordrande veskene var rødbetsaft. Ny idé var



Fig 13 v.: blåbærsaft h.: rødbetsaft, magentafargen i midten er fersk saft. Den varmraude fargen er slik den gamle safta såg ut.

gelatinplater i eit kar av rødbetsaft i ca. 5-7 min. Det gav raskt ein klar og djuprosa farge. Eit glas utgått på dato gjorde fargen markert djupare. Eg såg for meg ulike nyansar av raud –blå og tenkte testa ut blåbærpigment. Årstida gjorde det imidlertid vanskeleg å finne ferske bær, så eg prøvde med saft, syltetøy, juice osb. Desse gav ikkje klare fargar, men ein nyanse av mørk, jordfarga blå-raud.



Fig. 14 - 17 Foto av ulike stadier i utforskinga

Oppskrifta til slutt var blautlegging av gelatinplate i saft i ca. 5-7 min. (fig.) Deretter plasserast forma på ramma av bjørkeskot der eg blåser forsiktig med ein varmepistol til den smeltar rundt greina. Det er viktig å ikkje blåse i midten av bladet, då det fort smeltar hol. Varmen må i hovudsak treffe greina. På store blad, legg eg ein ekstra kvist over, slik at gelatinen får nok støtte.(fig.) Når plata er ferdig varma og tørka blir den hard og blank. Kvisten i fig. viser ulike nyansar frå ulike safter, og kva som kan skje om det blir for varmt, med holet i øverste blad.

Resultatet vart rundt 50 blad i ulike fargar og former. Eit naturleg spel prøvde å utnytte som rørsle og dynamikk i det ferdige biletet. Fig. viser korleis eg jobba med ulike komposisjonar over eit kvitt ark

Fig. 18 Metoden for å utvikle komposisjon



Montasje



Fig. 19 Bjørkeramme festa med teger gjennom borte hol i samanføyingane. Fig. 20. Teger over kar av vatn.

Planen var å bitte blada saman mellom to tre. Etterkvart fann eg ut at ei meir markert ramme ville tydeleggjere og binde saman installasjonen på ein betre måte. Samtidig gav det fridom i forhold til plassering i naturen. Eg bora hol i endane på bjørkegreinene og batt saman med bjørketeger. Teger var og nytta til samanbinding av sjølve bladteppet. Det beste var å leggje den i vatn nokre timer og fjerne det ytste laget . For naturleg liv, varierte eg på tjukkelse og lengde.

Utfordringa ved å dra røtene gjennom gelatinen utan at den sprikk, blir løyst med ei oppvarma nål. (fig. 21) Tegeren egnar seg for samanbinding, men er vrien i dei minste overgangane. Samanlikna med tau og tråd blir den meir avstiva og heldt forma betre (fig. 23)



Fig. 21-23 Metoden for konstruksjon av «teppet»

Ferdig resultat



Fig. 24. (o) Detalj av «Mosaikk» viser sjølve teppet mot vegetasjon, vann og sol. Kossdalen mai 2006 **Fig. 25.** (u) Installasjonen i skumring. Kossdalen mai 2006.





Installasjonen var ferdigmontert 30.mai 2006. Del av verket var også ulike fotografi frå prosessen. Montert med same metode som bladkomposisjonen, laminert med gelatinplater på begge sider. (fig.) Denne hang nærmere vegen for å gjøre publikum merksam på utstillinga ved elva. (fig.)

Fig. 26 «Mosaikk» mai 2006

Fig. 27 «Mosaikk ». Plassering i terrenget. Mai 2006.





Fig 28 og 29. Delen av installasjonen nærmest vegen med foto frå prosessen. Mai 2006

Vurdering av sluttprodukt i høve til problemområde

Målet med installasjonen er å skape ein kontrast til Kossdalens «mørke» og «tunge» natur. Paletten i mai gjer kanskje rom for diskusjon rundt denne påstanden. Samanlikna med kystrnær vegetasjon, er den imidlertid relativt metta i farge og substans. Ein glasaktig gelatinen blir ein motpart til mjuke overflater i gras, mose og trær og det raudlege fargespelet komplementerer grønnyansane. I utgangspunktet er det ikkje tenkt ein montasje av prosessen. I tilbakemeldingar frå publikum er dette imidlertid noko fleire trekkjer fram som interessant. Det eg vurderer kunne gjort uttrykket meir tydeleg er om installasjonen hadde vore større. I høve til framgangsmåte, er det likevel vanskeleg å skulle produsere fleire og/eller større «blad» innafor avsett tid.

I tida etter opninga dokumenterte eg forvitringa i materiale og form. (fig. 30-33) Her ser ein potensiale i å utvide verket og plassere det i eit område med meir lys og himmel. Samtidig kan ein oppnå noko av den effekten om ein går nærmare på. Slik det t.d. fall naturleg for barna.

Forvitring



Fig. 30 Mosaikk
30.05.06



Fig. 31 Mosaikk
08.06.06



Fig. 32 Mosaikk
27.07.06



Fig. 33 Mosaikk
11.09.06

Med barnehagebarn i markakunst-løypa, juni 2006

13. juni i 2006 hadde eg med ei gruppe barnehagebarn i markakunstløypa. Det var ei glede å oppleve nyfikenheten i møte med kunsten og naturen, Eige verk fekk t.d. tilført eit heilt nytt element i form av steininstallasjon i elva like ved. Spontant utført gjennom leik i og med naturen. (fig. 36) Med meg hadde eg også restar av eiga utforskning som barna laga blad av, ved å dyppe gelatinen i elva. (fig. 37-39.).

Generelt hadde dei ei open og uredd tilnærming gjennom heile løypa. Siste timen enda det med at dei sjølv komponerte eit eige verk ut frå impulsar undervegs og ei korg med markblomar dei hadde plukka på førehand.



Fig. 34 Barn i leik rundt «Mosaikk», 13.juni 2006



Fig. 35 (o.v) Nytt element i «Mosaikk», utført av barn i leik. 13.juni 2006



Fig. 37-39 Barn som lagar eigne former, med utgangspunkt i «restar» frå eigen prosess. 13.juni 2006

3.3. «Savn»

Tankar om "Markakunst 2007" i 2007

«Årets prosjekt har ikkje berre fått nytt navn, me har og funne meir av identiteten og grunntanken i det me driv med. Me prøver å leggje opp til meir klare rammebetingelsar for deltagarar og publikum. For eigen del, har eg prøvd å leggje meg sjølv meir inn i prosessen, både ved at eg har vore med blant pådrivarane for prosjektet i år, og ved at eg vil gje installasjonen eit meir personleg uttrykk.

Naturen har alltid vore ein viktig og sterk del av livet mitt. Kanskje særleg i barndomen, då naturen var hovudarenaen for det meste av leiken vår. Den var og ein stor inspirasjon til kreativitet og fantasi. Eg kunne sitje i tre eller på ein gamal steingard og dikte meg inn i ein dei utrøgaste forteljingar. Me budde ved havet og livet i fjøra og på holmane har og prega mitt forhold til naturen. Naturen i Kossdalen er mektig, fasinerande og nesten skremmande på same tid. Høge fjell, tung granskog og eit vatn det er knytt ulike historier til. Bl.a. om eit heilt brurefylje som gjekk gjennom isen lang tid tilbake. Folk som har opphaldt seg i dalen skildrar ulike møter med naturen her inne. Felles for dei er at alle lar seg påverke av dei inntrykka naturen gjer.

Min tanke i år er at eg vil ta med meg noko av den historia eg sjølv ber inn i Kossdalen. Prøve å dra med meg noko av dei formene ein finn lenger ute inn i dalen. Få til eit sampel og kontrastar i dette møtet. Det finst både steingardar og vatn her inne. Eit anna mål er og å framheve detaljar både av form og farge. I naturen er det ikkje alltid ein legg merke til alt som finst på vegen, iallfall som vaksen. Ved å samle i større mengder og sett opp mot kvarandre vil det forhåpentlegvis vise seg på nye måtar. T.d kva skjer i møtet mellom 1000 rognebær og eit favn med grøn lav?» (Eige loggboknotat, april 2007)



Tankar om «Markakunst 2007» i 2021

Resultatet av utforskinga i 2007, vart til slutt installasjonen «Savn», som ein kommentar på segnet om brudefylge. Då eg gjekk ut i permisjon same vår, fekk eg aldri systematisert eller reflektert rundt prosess og ferdig resultat. Ei oppdatering så mange år etterpå vil heller ikkje kunne gje eit fullgodt grunnlag, då mykje av tankane rundt idéutviklinga er gått tapt. Foto av skisser og utforsking ligg i «arkivet» og er derfor med i rapporten.

Det eg minnes som grunngjeving for å velje vekk idéen om kontrast mellom kvantum av fagesterke naturelement, var at kuløren raskt mista krafta i forvitringa. (fig.58-61) Forma og overflatene i slike samlingar er mindre interessant. Skulpturering med sagerubb og tapetlim vart for lite stabil, og vanskeleg å få gjennomtørr i mikro. (fig.62-64) Der limen og kvantum fungerte var om dei fekk ei ny form, som hattar eller kuler i kroppen (fig. 62-70.) Der eg særleg utforska uttrykket om «savn» var i forma og «kroppshaldninga». Med bøygde hovud mot kvarandre, tett og inneslutta. Kulene i kroppen symboliserer sorga. (fig.76)

«Postvurdering» ala 2021 har litt av same innvendinga som i Mosaikk om eit uutnytta potensiale i mengde. Med meir tid ville det vore interessant å sjå uttrykket full av kuler, meir lik skissene i (fig. 55-57) og med fleire og kanskje mindre figurar med ein bevegeleg kontur (fig. 55-56)

Idéutvikling











Fig. 52-57. Skisser av idear til «Savn», våren 2007.



Fig. 58-61 Utprøving av naturmateriale og nedbrytbart tapetlim, smørblomst og granskudd.

Fig. 62-64. Utprøving av sagerubb og tapetlim i ulike former. **Fig. 65** Bruk i sluttresultatet





Fig. 66-70 Utforming av hatt og kuler av granskudd, bladbek og nedbrytbar tapetlim. **Fig. 71** Bruk i sluttresultat. **Fig. 72.** Samanføyning mellom bjørk og selje






Fig. 73(o) Montering av installasjon inst Kossdalen. Same stad som «Formasjon» i 2005

Fig. 74 (v) detalj av bjørkeringar.

Fig. 75 (h) skulpturen sett under frå viser konstruksjonen under hatten, og kulene i «fersk» tilstand.

Fig. 76. (Neste side) Installasjonen fotografert i juni med Kossdalsvatnet og svingane i bakgrunnen



4.0 Oppsummering

Rapporten viser prosessar og sluttresultat av tre ulike prosjekt i Markakunstløypa i Kossdalen i 2005-2007. Felles er arbeid med og i naturen med nedbrytbare materiale. Omfang av utforsking, dokumentasjon og refleksjon varierer mellom arbeida ut frå ressursar og modning. I ettertid ser eg ei utvikling i utnytting av tidlegare erfaringar i nye arbeid. I bruk av teknikkar og materiale og i uttrykksformer. Felles for arbeida er tilknytinga til staden og måten naturen opplevast. I vurdering av arbeida i 2021 ser eg utviklingsmogelegeheter i sterkare uttrykk gjennom mengde og form. Eit av inntrykka som særleg festa seg var møte med barna i løypa i 2006, og deira uredde og naturlege tilnærming til kunstuttrykka.

5.0. Kjelder

Brekke, N.G., Nonås, N. (2015, 30. september) Kossdalen. *Grind. Kunnskap og landskap*
<https://www.grind.no/nordhordland/osteroy/kossdalen>

Galleri Mjøsvågen (u.å.) Markakunst. *Galleri Mjøsvågen*. <http://www.koman.no/gallerimjosvagen/markakunst/>

6.0. Vedlegg

Utstillingsplakatar og foldarar i perioden 2005-2007

Om utstillinga



Me er 8 kvinner som jobbar innan kunstfaget. I dette prosjektet har me brukt den vakre naturen som inspirasjon og materiellkjelde til skulpturane som de ligg i Land Art løypa. Dette har me gjort i forbindelse med Kulturdagene på Østerøy sidan tema i år er kultur i natur.

Dette er så vikt me veit, første gang noko slikt vert arrangert her på Østerøy. Me vil at det skal fortsetta gjennom året. Blir du inspirert og har lyst å laga noko, så ta kontakt.

Hosanger er naturlig å bruka siden det er eit flott utferdig, ein plass som er mykje besøkt av idrettsfolk, turistar og lokalbefolking. Dessutan bur me her og er glad i plassen og vil gjerne dela glede med andre.

Løypa går frå sjøen innerst i Mjøsvågen, deretter følger veggen forbi skulen innover stien langs Holavatnet, og vidare heilt til enden av Kossdalsvatnet. Det er ca 3km heilt inn.

Det er fint om nokon yrskjer å koma med tilbakemelding på noko angående prosjektet, anten på Else Karin sin e-mail: ebysheim@start.no eller leggja ein lapp i Land Art postkassen. Takk til grunneigarar for bruk av områda.

Håpar de får ein god, estetisk oppleveling.

Helsing Lucie og Else Karin

Portalen på forsida
Brakaportalen er fredd i brakje som er eit gammalt tradisjonelt bygningshandverk på Østerøy.
Eig takkar alle som har vore med å hjelpt meg. Else Karin

Brakaportalen



Nr. 1: Laga av Else Karin Tysse Bysheim, Hosanger, 5282 Lonevåg. Epost: ebysheim@start.no.

Seljekorga



Nr.4: Laga av Lucie Ellingsen Brannan, Hosanger, 5282 Lonevåg

Trollskogen



Nr. 2: Laga av elever ved Bryggen kunstskule, Line Braffen, Mona Braffetaufé, Bente Indrebø

Samanheng



Nr. 5: Laga av Reidun Elkås, Liliås, 5953 Fonne, Epost: reiduneiikaas@hotmail.com

Flytespel




Nr. 6 Flytespel & Nr. 7-Formasjon: Laga av Irene Fanebusl Eknes, Bysheim, 5282 Lonevåg

O S T E R Ø Y


Slik finn du fram

Hosanger ligg ca 45km nord for Bergen på Østerøy i Østerfjorden. Det er også moglegheitlar å kome hit med båt.



Map details:
Kossdalsvatnet
Holavatnet
Skule (parkering)
Til Kossdalen
Til Follandsåvg og Tyssebotnen
Mjøsvågen
Til Lonevåg
Fotested laga av Else Karin Tysse Bysheim og Mona Nordaas

O S T E R Ø Y



O S T E R Ø Y

Land Art

Kunst i og av naturen

Land-Art løypa på Hosanger går fra Brakaportalen innerst i Mjøsvågen, rundt Holavatnet og vidare inn i Kossdalen. Her finn du skulpturar laga av naturmaterialer av personar som jobbar innan kunstfaget

Opning 16. mai kl. 14.00 v/Brakaportalen


Mjøsvågen keramikk er open denne dagen fra **kl. 12.00 - 18.00**

Kart finn du i postkasse v/Mjøsvågen Keramikk

Utstillingen vert ståande utover

Arr. Mjøsvågen Keramikk og Else Karin T. Bysheim





O S T E R Ø Y 2 0 0 6

Land Art

Kunst i og av naturen

Land-Art løypa 2006 på Hosanger går fra Montessori skulen, langs Holavatnet og vidare inn i Kossdalen.

Opning 28. mai kl. 14.00 v/Montessori skulen

Foldar m/kart finn du i postkasse ved Montessori skulen og Mjøsvågen keramikk.

Ved spørsmål kontakt Else Karin Tysse Bysheim på tlf: 909 86 722, epost: ebysheim@start.no

Utstillinga vert stående utover.

Arr. Mjøsvågen Keramikk og Galleri Mjøsvågen
Plakat laga av Sten Tysse Bysheim og Yvonne Forshaw-Tvedt

Osterøy 07



Kunst i og av naturen


Kunstløypa går for det meste langs **Kossdalsvatnet**,
Her finn du installasjoner laga av naturmaterialer av personar som jobbar innan kunstfaget.

Åpning laurdag 9.juni kl.14.00 innerst i Kossdalen,
v/ Landbruksdirektor Ole Bakkebø
Kulturelle innslag frå Amalie Skrams hus

Mjøsvågen kafe, treskoverkstaden og Galleriet
er open denne dagen kl.15.00 - 18.00

Foldar med kart finn du i postkasse v/**Galleri Mjøsvågen**

Arr. Vener av Mjøsvågen. Parkering ved skulen, kaien el. Kyrkja ca 2,5km
å gå inst i Kossdalen



markA kunst markA kunst markA kunst markA kunst markA kunst markA kunst markA kunst

Presse

VÆRET

I dag: Overskyt og regn.

Solen

I dag	I morgen
Opp: kl. 04.49 Ned: kl. 22.26	kl. 04.47 kl. 22.28

Månen

I dag	I morgen
Opp: kl. 17.51 Ned: kl. 04.03	kl. 19.28 kl. 04.02

Flo/Fjære

Flo	I dag	I morgen
Fjære	kl. 09.10 kl. 21.42 kl. 02.59 kl. 15.26	kl. 09.53 kl. 22.22 kl. 03.42 kl. 16.06

I morgen: Overskyt og regn eller regnbygget.

Bendag: Skifteende skydekket og noen regnbygget.

Norge i dag: +4

Mandag: +12

Ansvært meteorolog: Lars Krutsson SMHI

© SMHI Grafik/Bulls

Bon

Sentralbord 55 53 57 70
Tipstelefon 95 04 05 46
Telefaks 55 53 57 80
E-post bn@bygdanytt.no

LOKALGUIDEN

NØDTELEFON

BRANN:	110
POLITI:	112
AMBULANSE:	113

VAKTTELEFON

LEGEVAKT
Osterøy: 56 19 25 99
Bergen: 55 56 87 00

POLITI
Åsane / Åsane Politistasjon: 55 25 55 00 / 97 74 56 00
Osterøy lensmannskontor: 56 19 45 00

FEILMELDING
VEG, VATN, AVLØP
Osterøy: 56 19 21 00
I helgen: 56 39 01 26
Bergen: 55 29 11 10
Vasskvalitet ved kommunale vassverk, Osterøy: 56 39 40 01

RENOVASJON

Glas og metall
Glas og metall kan leverast til følgende miljøstasjonar:

FOTLANDSVÅG: Ved bensinstasjonen

LONEVÅG: Ved bensinstasjonen og Rema

HAUS: Ved Haus senter

VALESTRAND: På parkeringsplassen ved Haldorvika

BRUNNSTAD: Ved butikken

HOSANGER: Ved kyrkja

HJELLYVIK: Ved Dallands lager

INDRE ARNA:
Ved Øyrane Torg

YTRE ARNA: Krysset Skule/ P.Jebsensv.

HÅUKELAND: Ved dei gamle butikklokala

LONE: Ved Spar

GARNES: Ved butikken

TRENGEREID: Ved Skustadkrysset

Gjenbruksstasjonen
Mjeldalen, Osterøy
Oppningstider:
Onsdag 15 - 18
Torsdag 15 - 19
Laurdag 09 - 15

Spesialavfall
Spesialavfall kan leverast til følgende stader:
Lonevåg: Ved bensinstasjonen
Valestrand: Ved bensinstasjonen
Haus: På gjenbruksstasjonen i Mjeldalen.

BIBLIOTEK

Opningstider

LONEVÅG :	Måndag 10 - 16 Tysdag 13 - 18 Torsdag 13 - 18 Fredag 10 - 16
------------------	---

BOKBUSSEN:
Haus, måndagar 11.05 - 12.00
Valestrand, fred. 11.00 - 12.00
Koyer ikkje på skulen sine fridagar.

YTRE ARNA:

Måndag	13 - 19
Onsdag	13 - 19
Torsdag	09 - 15

Din lokale leverandør av
DATA-TENESTER
til private og bedrifter

Tlf. 56 19 19 07
Fax 56 19 19 08

post@osteroydata.no
www.osteroydata.no

Osterøy Data AS

www.bygdanytt.no

Spanande kunst i naturen

Sigurd A. Eknes, Øyvind Eknes, Pacheree Someinurk og Jette Meyer hadde alle rodd over fjorden fra Eknes for å studera dei ulike skulpturane. Brurekrona i ask er den mest spektakulære skulpturen i kunstloypa. (Alle foto: Dag Anton Boge)

Vel hundre personar hadde møtt fram til opninga av "land-art"-loypa på Hosanger 2. pinsedag. Åtte kunstnarar hadde "kunst i naturen" som tema for installasjonane sine, som var plasserte i terrenget i Kossdalen.

Den mest spektakulære installasjonen fann vi ved loypas endepunkt; brurekrona som var plassert ute i Kossdalsvatnet.

Segn seier at det var eit heilt brurefolge som gjekk gjennom isen, og alle drukna. I et spesielt lys skal ein etter segunna sjå brurekrona på botnen av vatnet. Med dette som bakgrunn hadde Mona Nordaa lagt ein fantastisk flott installasjon, der ho hadde brukti materiale funne i terrenget rundt vatnet.

Segn seier at det var eit heilt brurefolge som gjekk gjennom isen, og alle drukna. I et spesielt lys skal ein etter segunna sjå brurekrona på botnen av vatnet. Med dette som bakgrunn hadde Mona Nordaa lagt ein fantastisk flott installasjon, der ho hadde brukti materiale funne i terrenget rundt vatnet.

Brakeportal
"Land-art"-loypa startar ved

sjøen inst i Mjøsvågen. Else Karin Byshjem brukti brakta som materiale då ho laga ein portal mellom nausta. Portalen representerer lokal byggeteknikk, i tillegg til at den markerer inngangen til at kunstner opp gjennom Kossdalen.

I alt åtte kunstverk er plasserte i området rundt Holavatnet og Kossdalsvatnet, og alle er laga av naturlege materialar funne på staden. Løypa er tre kilometer lang, og forutan ein fin tur med fine naturopplevingar, får ein med seg ei kunstutstilling noko utanom det vanlege.

— Vi hadde ein slikt "land-art"-prosjekt då eg gjekk på Bryggen kunstskole i fjor, så tanken om dette drog eg med meg derifrå, fortel Else Karin Byshjem.

Kunstloypa har vist seg å vera svært populær. Berre på opningsdagen var det møtt fram vel hundre nytiske, og på vår tur gjennom løypa kunne vi berre konstatera at kunstverka vart beundra av mange små og store kunstinteresserte.

— Hosanger var naturleg for oss å leggja dette prosjektet til, sidan det er eit flott turterreng og

ein plass som er mykje besøkt av turgåarar og andre naturinteresserte. Dessutan bur Else Karin og eg her. Vi er glade i plassen og vil dela gleda den med andre, fortel Lucie Ellingsen Brannan, som har laga naturskulpturen "Seljekorga" på "utstillingsplassen" nummer fire.

Dei åtte involverte kunstnarane har velt dette prosjektet sidan temaet for Kulturdagane på Osterøy i år er kultur i natur.

Kunstverka vil vera ståande der dei vart plasserte heile året. På det viset vil ein også sjå at naturskulpturane vil endra seg etter som tid går. No er loypa og installasjonane heilt ferske, men dei kjem til å eldst med stil etterom årstidene skiftar. Det er vel verdt å ta seg ein tur gjennom kunstloypa. Her kan ein finna inspirasjon til så mangt, og kunstnarane har då også på det viset oppnådd eitt av føremåla med prosjektet; å få folk ut i naturen for at dei også kan verte inspirerte.

Dag Anton Boge



Ostiringen

Kvar fredag

A-AVIS

ARGANG 8 - NR. 21 - FREDAG 2. JUNI 2006

LAUSSAL KR. 12,-

Naturleg kunst



Ein ekstra dimensjon er no tilført turløypene rundt Holavatnet og i Kossdalen.


Men du kan ikkje vente mange månader med å få med deg Land Art løypa i Hosanger. Alle kunstverka er nemleg laga av naturmateriale som skal bryta ned og gå tilbake til Moder Jord.

Irene Fanebust Eiknes har brukt naturmateriale da ho lagde desse vakre biletta. Til liks med dei andre kunstverka vil det bryta ned etter kvarlåt som blir gitt.

Lite til vedlikehald

Folk som skal stelle

Nesten dagens helt hjå Osterøy



Ein småsjuk Mohamed Alabdi stor spelte, og skraa to gonger etter pre-sise innlegg frå Kim Solberg.

Tomålskårar Mohamed Alabdi kunne fort ha blitt dagens helt på Osterøy Stadion. Heimelaget hadde serieleiar Eikanger i kne, men til stor fortviling for Osterøy raka det på overtid. Så urettferdig kan fotball vera.

KM med 113 gullmedaljar



For medaljesamarlar er friidretts-KM for veteranar eit eldorado. Under KM på Osterøy Stadion sist helga i mai vart det delt ut 113 individuelle gullmedaljar. Friidrettsveteranar er allsidige folk, og stiller helst opp i så mange øvingar som tidsskjema tillet. Med få deltagarar i kvar 5-årsklasse vart det mange turar opp på Osterøy s flotte premiepalli for ein del av deltagarane.

Natureg kunst

ved Biarte vik

Ottarøen

Det var enftennen som i oppen til Elise Karin
marka med et kildeslott i brønn midt i folke fra utvendig.
folk. Det var et kildeslott i brønn midt i
kultur og kunde, rett ved en
åseng. I vannet var mange
Elise Karin vannet mange
fisk. Ideen til Land Art
kom fra en del
av artister som de
deltok med. Dette
var et kildeslott i vannet.
Alle Art helyo i Rosanger
laga av naturmaterialer som
lagt sammen. Etter at det
var ferdig, gikk de til
Molde, og ga helyo
til Molde, og
til Molde.

Bruk av øyene

Oppmøte var lagt til
Monsenterkilen der alle
som var med trakk ekte ein
som satte ut. Det var informa-
asjon om landet og kulturen.
Folk kan lenna brover, fra
en poststasjon ved skjæringen
ved keramikkverkstaden, for
utan å måtte gå inn i
Land Art helyo.

Oppmøte var lagt til
Monsenterkilen der alle
som var med trakk ekte ein
som satte ut. Det var informa-
asjon om landet og kulturen.
Folk kan lenna brover, fra
en poststasjon ved skjæringen
ved keramikkverkstaden, for
utan å måtte gå inn i
Land Art helyo.

Nivåheving

Det som ville fekk ein godt
utgangspunkt var et stort
monument, det visste ikkje
des et ført i ført, seint er nivå-
hevinga, men det visste ikke
det. Det var en stor
monument, ført i ført, seint er nivå-
hevinga, men det visste ikke
det.

Tankesteinar

Alt skal gå tilbake til naturen,
men det var ikke noe godt. Når
men det var ikke noe godt.
Vi tek seg ganske i det
som det var ikke noe godt.
Men det var ikke noe godt.
Men det var ikke noe godt.

Tankesteinar

Alt skal gå tilbake til naturen,
men det var ikke noe godt. Når
men det var ikke noe godt.
Vi tek seg ganske i det
som det var ikke noe godt.
Men det var ikke noe godt.
Men det var ikke noe godt.

Fredag 2. juni 2006

Side 10

Øystein



+
Fredag 2. juni 2006

Side 11

Øystein



Tankesteinar

Ført trakk et vegg rundt byg-
pa, valde alle med seg ein
stein og satte det inn i vegg.
Takk til kannen med vann
på paddebergsplassen i
Kossdalen, Kunstnærer
Foto: Audun Holmedal fra
Fotoatelieret



Nivåheving

Det som ville fekk ein godt
utgangspunkt var et stort
monument, det visste ikke
det. Det var ikke en stor
monument, ført i ført, seint er nivå-
hevinga, men det visste ikke
det.

**Blå kjensler
i Kossdalen**

Motestad nummer ein i Bergen har fått ein tvilling. Snart kan det bli folksamt også i Kossdalen. Laurdag opna kunstløypa i dalen.

Side

**Lite folk,
mykje liv**

Det var ikkje trøgt om plassen då Bjørn Jensen, Tor Endresen og «Ausekarane» gav sin musikaliske hyllest til Johannes Kleppvik. Men det var fullt trokk likevel.

Side

Nr. 44 - 12. juni 2007 - 56. årgang • Lokalavis for Arna og Osterøy • www.bygdanytt.no • Laussal kr. 12,-

Den blå steinen: No også i Kossdalen.

Gammal og blå

Som eit mektig monument ligg kampesteinen i myra og er lyseblå.

— Det er jo litt sånn... vi er usikre på kva folk seier. Det er sikkert ikkje alle som likar det, men vi synest det er kjempeflott, seier Else Karin Tysse Byshheim i arrangovert.

Laurdag opna kunstløypa i Kossdalen, som i år er omdøypt frå Land Art til Markakunst.

-Nyenkjande

Inst i Kossdalen på Osterøy er det dei blå kjenslene som regjerer om dagen. Midt ute på ei myr, mellom tustar av viltvoksende ålegras, ruvar ein kampestein stor som ein liten lastebil. I alle tider, så lenge folk kan hugsa, har den store gråsteinsblokka lege der som eit landemerke. Men ho har aldri vore like synleg som i dag.

— Det er jo litt dristig. Nyten-

kjande og flott, meiner tilskodar under opningsdagen, Marie Skeie Lobo.

Ho og venninna Brita Mjøs har tatt turen ut på myra for å ta steinblokka i nærmere augsyn.

Fotoapparata går varme.

— Det er nesten så ein byrjar å tenkja på issmelting, seier Mjøs.

Det blå isfjellet kan ikkje snu seg vekk, men er eit mektig skode i all si unaturlege prakt. Fargen er lys blå, turkis, nesten. Fjellveggane reiser seg på kvar si side av dalen, dei myser forsrekka ned på det blå der midt på myra. Ei ørn sviv majestetisk forbi. Ho har aldri sett Stein sånn før.

Levande bygder


Det var heller ikkje mange av dei frammøtte i Kossdalen laur-

dag som hadde sett noko slikt. Den store interessa for steinen viste det. Mange av tilskodarane tok seg bryet med å forsera både myr og gjerde for å koma nære steinblokka.

Kunstløypa vart i år formelt opna av fylkeslandbruksdirektør Ole Bakkebø. Han trekte fram både grunder- og dugnadsåndå som er så markant på Osterøy, ikkje minst på Hosanger. Bakkebø har sjølv anar til Svenheim, og burde vita kva han snakka om.

— All ære til arrangørene og til Vener av Mjøsvågen for deira initiativ til å skape ei levande bygd her på Hosanger, sa han.

Landbruksdirektøren fortalte om fylket sine ulike tiltak, deriblant eit prosjekt kalla trivselsgrender. Det har fokus på å skapa



Elevar ved Arna yrkesskule har laga denne installasjonen, ei brudevogn av buskar.



Naturens formasjonar gjev mange assosiasjonar.

attraktive bygder, og alle bygder i fylket kan søkja om midlar frå dette prosjektet. I opningstalen sin kunne Bakkebø koma med eit aldri så lite hint:

— Det er ikkje utenkleieg at Hordaland fylkeskommune, ved fylkeslandbruksdirektøren, vil sjå positivt på ein soknad frå denne bygda, sa han.

Jubel og applaus spreidde seg blant dei frammette.

Brudevogn

Det er fjerde gongen det blir laga kunstløype i Kossdalen. I år er heile femten kunstnarar involverte, og installasjonane i marka har fått mange ulike uttrykk. Naturlegvis. Den mest synlege installasjonen er kanskje Den blå steinen, signert kunstnaren Einar

Sagen, som er knytt til Amalie Skrums hus i Bergen. Mindre synlege kunstverk dukkar også opp under vandrings langs Kossdalsvegen, gjerne der du minst ventar det. Plutsleg viser ein gigantisk edderkopp seg ute på ei lita myr, underteikna den etterkvart røynde markakunstnaren Else Karin Tysse Bysheim. Eit

anna kunstverk som fekk mykje merksamhet var det purunge skulevar frå Arna yrkesskule som stod bak.

— Vi vart inviterte til å delta, og elevane tentte på idéen med ein gong, fortel larzar Svein Harkestad ved design- og handverkslinja på skulen.

Han opplyser at dei fire elevane som har laga installasjonen Brudevogn, ei vogn av mellom

anna brakekvistar, sjølv kom fram til idéen. Ei gammal segn fortel nemleg om eit heilt brurefølje, som for lenge, lenge sidan gjekk gjennom isen her på Kossdalsvatnet. Veggane i vogna er forsøkt laga var brake, slik den lokale tradisjonen er for løevgar.

— Hrm... ja, den brakeflettinga fekk dei vel ikkje heilt til, vedgår Harkestad, men seier seg likevel nögd med publikum si interesse for kunstverket.

Vassmaling


I bakevjå tronar den blå steinen, og gjer usjenert krav på sin del av myra. I all si pastellaktige stille kan det sjå ut til at den har funne sin plass. Men det er mykje avhengig av augent som ser.

Og kvar ein ser ifrå. På toppen har steinen framleis sin opprinnelige farge. Om alt går etter planen skal gråsteinen etterkvart gjenvinne det grå også på resten av kroppen. Kva tid er usikkert.

— Steinen er malt med ein farve som er löyseleg i vatn, slik at vár og vind etterkvart skal skylla vekk det blå, strekar Else Karin Tysse Bysheim under.

Det er likevel ikkje umogeleg at den blå steinen i Bergen med dette har fått ein konkurrent.

**Frode Fjellstad
(tekst og foto)**



Fylkeslandbruksdirektør Ole Bakkebø opna Markakunst i Kossdalen laurdag. Han nyttar høvet til å skryta av gründer- og dugnadsånda på Osterøy.